



Arkivnr: 2015/11453-104  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		25.10.2017

## Kvalitetsmeldingane frå Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

Jf. Kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland skal fagskulane levere ei kvalitetsmelding som skal gje styret informasjon om tilbakemeldingar frå studentar, lærarar og sensorar. Etter at styret har handsama kvalitetsmeldingane, vert det gjennomført skulebesøk ved den einskilde fagskule for å følgje opp kvalitetsmeldingane. Skulebesøka skal danne grunnlag for ein tiltaksplan til styret for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland.

### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolane i Hordaland tek kvalitetsmeldingane til orientering og ventar vidare oppfølging ved skulebesøk og mål- og tiltaksplan jf. kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Kvalitetsmelding - Hordaland helsefagskole
- 2 Kvalitetsmelding - Fagskolen i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 13.10.2017**

Jf. Kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland skal fagskulane levere ei kvalitetsmelding som skal gje styret informasjon om tilbakemeldingar frå studentar, lærarar og sensorar. Etter at styret har handsama kvalitetsmeldingane vert det gjennomført skulebesøk ved den einskilde fagskule for å følgje opp kvalitetsmeldingane.

Skulebesøka vert gjennomført følgjande datoar:

- Fagskolen i Hordaland – 31. oktober, kl. 12:30 – 15:30
- Hordaland helsefagskole – 14. november, kl. 11:00 – 14:00

Skulebesøka skal vere førebudde og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøka deltek leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Representantar frå styret stiller saman med representantar frå administrasjonen ved opplæringsavdelinga. Kvart skulebesøk vert summert opp av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til den einskilde fagskule.

Skulebesøka skal danne grunnlag for ein tiltaksplan til styret for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøka.